


Odd Haugen AS

## ► Planprogram Øksnesmarka

Detaljregulering av næringsområdet N 18 i Øksnesmarka del av gnr. 161 og gnr. 160, planid 2021003

Oppdragsnr.: 52101114 Dokumentnr.: 01 Versjon: D03 Dato: 2022-11-11



## Planprogram Øksnesmarka

Detaljregulering av næringsområdet N 18 i Øksnesmarka del av gnr. 161 og gnr. 160, planid 2021003

Oppdragsnr.: 52101114 Dokumentnr.: 01 Versjon: D03



**Oppdragsgjevar:** Odd Haugen AS  
**Oppdragsgjevares kontaktperson:** Odd Haugen  
**Rådgjevar** Norconsult AS, Fjellvegen 11, NO-6800 Førde  
**Oppdragsleiar:** Arne Kringlen  
**Fagansvarleg:** Arne Kringlen  
**Andre nøkkelpersonar:** Alv Terje Fotland  
Lene Merete Rabben  
Sindre Eikenes  
Kristine Sande Wilkensen

D03	2022-11-11	Revisjon på bakgrunn av innspel til høyringa av planprogrammet	AKR	atfot/lemra/krsan d	AKR
D02	2022-06-02	Justering etter kommunen si handsaming. og før kunnngjering	AKR	AKR	AKR
D01	2022-04-16	Til kommunen si sakshandsaming	AKR	COERS	AKR
<b>Versjon</b>	<b>Dato</b>	<b>Omtale</b>	<b>Utarbeidd</b>	<b>Fagkontrollert</b>	<b>Godkjent</b>

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det føremål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn føremålet tilseier.

## Forord

Norconsult AS har kunngjort oppstart av planarbeidet for «*Detaljregulering av næringsområdet N 18 i Øksnesmarka del av gnr. 161 og gnr. 160, planid 2021003*» saman med offentlig ettersyn av planprogrammet. Etter høringsperioden skal planprogrammet fastsettast av eit politisk utval jfr. § 11-13 i plan- og bygningsloven.

Det skal gjennomførast ein planprosess som opnar for å få fram meiningar om aktuelle planutfordringar og utgreiingsspørsmål. Dei råka skal særskilt sikrast høve til god dialog og reell medverknad i dei ulike fasane i planprosessen.


## Innhold

<b>1</b>	<b>INNLEIING .....</b>	<b>5</b>
1.1	BAKGRUNN.....	5
1.2	FØREMÅLET OG BAKGRUNN FOR PROSJEKTET .....	6
1.3	PLANSTATUS, PLANPROGRAM OG KONSEKVENSGREIING .....	6
<b>2</b>	<b>PLANPROSESS, MEDVERKNAD OG FRAMDRIFT.....</b>	<b>7</b>
2.1	PLANPROSESS OG MEDVERKNAD .....	7
2.2	PLANLAGT FRAMDRIFT .....	8
<b>3</b>	<b>OVERORDNA FØRINGAR.....</b>	<b>9</b>
3.1	NASJONALE FØRINGAR.....	9
3.2	REGIONALE FØRINGAR .....	10
3.3	KOMMUNALE FØRINGAR .....	11
<b>4</b>	<b>PLANOMRÅDET.....</b>	<b>12</b>
4.1	DAGENS SITUASJON.....	12
<b>5</b>	<b>ALTERNATIVE TILTAK OG AREALBRUKSLØYSINGAR.....</b>	<b>13</b>
5.1	ALTERNATIVE TILTAK.....	13
5.2	ALTERNATIV AREALBRUK.....	13
<b>6</b>	<b>UTGREIINGSTEMA .....</b>	<b>14</b>
6.1	GENERELT .....	14
6.2	METODE.....	14
6.1	REFERANSEALTERNATIV .....	14
6.2	LANDSKAPSBILETE.....	14
6.3	NATURMANGFALD.....	15
6.4	KULTURARV .....	15
6.5	FRILUFTSLIV/BY- OG BYGDELIV .....	15
6.6	NATURRESSURSAR .....	15
6.7	VASSMILJØ.....	15
6.8	KLIMAGASSREKNESKAP.....	15
6.9	ROS.....	16
6.10	FORUREINING, STØY, STØV OG LUKT .....	16
6.11	ANDRE TEMA SOM SKAL VURDERAST I PLANSKILDRINGA .....	16
6.12	OPPSUMMERT UTGREIINGSPROGRAM .....	16
<b>7</b>	<b>VEDLEGG .....</b>	<b>19</b>
7.1	NOTAT: NATURMANGFALD OG KUNNSKAPSGRUNNLAG, ØKSNESMARKA (NORCONSULT AS, 2021) .....	19
7.2	SAKSDOKUMENT HANDSAMING I FORMANNSKAPET I AUSTRHEIM, 12.05.2022, SAKSNR. 046/22. ....	19
7.3	STUDIE – SIRKULÆR OG BEREKRAFTIG NÆRINGSUTVIKLING, ØKSNESMARKA (NORCONSULT AS, 2022) ...	19
7.4	SAMANDRAG AV INNSPEL TIL HØYRING AV PLANPROGRAMMET ØKSNESMARKA .....	19
7.5	KOPI AV INNSPEL TIL HØYRING AV PLANPROGRAMMET FOR ØKSNESMARKA.....	19

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

Norconsult er engasjert av Odd Haugen AS for å gjennomføre planprosess og utarbeide detaljreguleringsplan med planprogram og konsekvensutgreiing for deler av Øksnesmarka i Austrheim kommune.



Figur 1: Det aktuelle planområdet lagt inn på kommuneplanen sin arealdel.

Reguleringsplanarbeidet er igangsett med bakgrunn i at delar av planområdet gjennom kommuneplan for Austrheim er avsett til næring/industri med krav om utarbeiding av detaljreguleringsplan for å tillate utbygging av området. Sjølve næringsarealet er ca 500 daa.

Det skal utarbeidast ein privat detaljregulering med konsekvensutgreiing i samsvar med plan- og bygningslova § 12-3.

## 1.2 Føremålet og bakgrunn for prosjektet

Føremålet med planarbeidet er å utarbeide ein reguleringsplan som grunnlag for realisering av næringsverksemd og hamn i og ved Øksnesmarka på Fosnøya i Austrheim kommune i samsvar med kommuneplan for perioden 2019-2029.

Intensjonen er å utvikle nye næringar og arbeidsplassar i kommunen innafor rammene til det grønne skiftet, som mellom anna er prioritert satsing i Vestland fylkeskommunen sin utviklingsplan.

Samtidig med at planprogrammet har vore på høyring, er det utarbeidd eit moglegheitsstudie for sirkulær og berekraftig næringsutvikling i planområdet. Landbasert oppdrett eller andre former for tilknytte næringar innan havbruk, blågrøn profil, grøn industri avfall/slamhandsaming/biogass og forproduksjon vert vurdert,

Eit aktuelt prosjekt er å kombinere husdyrgjødsel og avfall frå landbasert oppdrett for produksjon av biodrivstoff, gjødsel og jord. Tiltakshavar har løyve til å byggje ein større driftsbygning for husdyr rett i nærleiken av område, som kan inngå i ein slik produksjon.

Tiltakshavar ser føre seg ei trinnvis utbygging av området og at planen dermed kan ha ulik grad av detaljering. I forkant av planprogrammet er det utført ei alternativsvurdering av trasear for tilkomstveg og det er den tilrådde vegtrase som er presentert i planprogrammet. Det vert vurdert ulike løysingar for hamn. Ei løysing kan vere å sprengje seg inn i området og etablere kai der. Planarbeidet vil avklare om det ligg til rette for masseballanse og eventuelt korleis eit masseoverskot skal handsamast.

I og med at det ikkje er teke endeleg avgjerd om type verksemd, må planen kunne sikre fleire eventualitetar, men avklare kva område det er aktuelt med terrenginngrep, planeringshøgder og rammer for drift.

## 1.3 Planstatus, planprogram og konsekvensutgreiing


Kommuneplanen for Austrheim 2019-2029 har sett av eit nærings- og hamneområde i Øksnesmarka (sjå fig. 2). Det er lagt særlege føringar for kva som skal til før at framtidig næringsområde ved Øksnesmarka kan nyttast i samsvar med dette føremålet. Tett inn til området i nord og vest ligg omsynssone for naturmangfald.

Føresegn 2.1.3 bokstav J, til kommuneplanen sin arealdel seier følgjande:

*«Næringsområdet N18 Øksnesmarka er eit potensielt næringsområde som ikkje er tilstrekkeleg utgreidd til å kunne nyttast til utbygging. Før det kan gjevast løyve til å nytte området eller deler av området til formålet næring, må det utarbeidast reguleringsplan med utfyllande konsekvensutgreiing som grunnlag for vurdering av bruken av området. Konsekvensutgreiinga skal m.a. innehalde utgreiingar om naturmangfaldet der det inngår kystlynghei, naturbeitemark, kystnedbørsmyr og sommarfuglen breibandpraktviklar.»*

Generelt skal alle planar som kan ha vesentleg verknader for miljø, naturressursar, kulturminne eller samfunn ha eit planprogram som grunnlag for planarbeidet. Planprogrammet skal gjere greie for føremålet med planen, planprosessen, medverknad, alternativ og behov for utgreiingar. Krav om konsekvensutgreiing følgjer i dette tilfellet direkte av krava i føresegner til kommuneplan.

Konsekvensutgreiinga skal identifisere og beskrive faktorar som kan bli påverka, og vurdere vesentlege verknader for miljø og samfunn. Konsekvensutgreiinga skal også beskrive dei tiltak som er planlagt for å unngå, avgrense, istandsette og, dersom mogleg, kompensere for vesentlege skadeverknader for miljø og samfunn både i bygge- og driftsfasen.



Figur 2: Utsnitt av kommuneplanen sin arealdelvist saman med varsla plangrenser.

## 2 Planprosess, medverknad og framdrift

### 2.1 Planprosess og medverknad

I tråd med plan- og bygningslova § 5-2 har planprogrammet vore på høyring til råka partar og til statlege, fylkeskommunale og kommunale styresmakter. Høyringsperioden for planprogram var frå 12. mai 2022 til 15. august 2022. Lag, foreiningar og offentlege styresmakter er varsla med brev. Endeleg planprogram skal fastsettast av kommunestyret (evt. delegert utval) på bakgrunn av framlegg til planprogram og uttale til planprogrammet.

Kunngjering av oppstart og planprogrammet er informert om på kommunen sine heimesider og annonse i lokal avis, slik at innbyggjarar er kjent med planarbeidet og har hatt høve til å komme med uttale.

Utarbeiding av planframlegget med plankart, planføresegner og planomtale, samt konsekvensutgreiing, skal skje med bakgrunn i fastsett planprogram. Forslag til reguleringsplan vil bli lagt ut til offentlig ettersyn i

minimum 6 veker, og dette vil verte kunngjort i lokal avis og lagt ut på nettsidene til kommunen. Råka parter og naboar vert varsla direkte.

Oversikt over planprosess:

- Kunngjering av oppstart av planarbeidet og høyring av planprogram. Høyringsperiode: 6 veker.
- Fastsetting av planprogram – politisk handsaming
- Samråd med statlege styresmakter undervegs i planprosessen.
- Innlevering av planforslag til planstyresmakt for politisk handsaming
- Politisk 1.gangshandsaming av planforslaget
- Kunngjering av offentleg ettersyn av planforslaget + at råka vert varsla med brev.
- Høyring av planforslaget, 6 veker.
- Politisk slutthandsaming av reguleringsplanen
- Kunngjering av vedteken reguleringsplan – klagefrist 3 veker.

## 2.2 Planlagt framdrift

Framdriftsplanen tek utgangspunkt i at det er gjennomført eitt offentleg ettersyn av planprogrammet og eitt offentleg ettersyn av forslag til detaljregulering. Dersom det er naudsynt med fleire offentlege ettersyn, vil tidsplanen for endeleg behandling av reguleringsplanen bli skyvd. Det må også takast atterhald om eventuelle endringar i framdriftsplanen også av andre årsaker.

Mai 2022:	Kunngjering av oppstart av planarbeid og høyring av planprogram
Mai – august 2022:	Høyring av planprogram, 6 veker
September-desember 2022:	Mulighetsstudie, revisjon av planprogram
Januar 2023:	Fastsetting av planprogram
Januar-august 2023:	Utarbeiding av reguleringsplan med KU
April-Juni 2023:	Naudsynte kartleggingar av naturmangfald og arkeologi
September 2023:	Politisk behandling av reguleringsplan med KU
Oktober-desember 2023:	Høyring og offentleg ettersyn av reguleringsplan/KU
Februar 2024:	Vedtak av reguleringsplan og KU



## 3 Overordna føringar

### 3.1 Nasjonale føringar

#### Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2019-2023

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging for å fremje berekraftig utvikling i heile landet. Desse forventningane skal leggjast til grunn og følgjast opp i samband med kommunar og fylkeskommunar sitt arbeid med planstrategiar og planar, og dei vektlegg mellom anna FN sine berekraftsmål som grunnlag for berekraftig regional og kommunal planlegging.

*Kommentar: Regjeringa trekk mellom anna fram at dei ønskjer å leggje til rette for meir verdiskaping og fleire arbeidsplassar basert på ressursane i havet, samstundes som ein sikrar miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Konsekvensar for miljø og samfunn vil utgreiast i planarbeidet, og kan sjåast i*

#### Statleg planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen

Føremålet med retningslinjene er å tydeleggjere nasjonal arealpolitikk i 100-metersbeltet langs sjøen. Målet er å ivareta allmenne interesser og unngå uheldig bygging langs sjøen. Vernet er gjort strengast i sentrale områder der presset på areala er størst. Austrheim kommune kjem inn under områder med mindre press på areala (sone 3).

*Kommentar: retningslinja legg føringar for reguleringsplanen ved vurdering av omsyn til plassering og næringsssatsing. Det kan være grunnlag for å tillate tiltak nær sjøen som for eksempel næringsstiltak.*

#### Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.

Føremålet med retningslinjene er å sikre betre samordning av arealplanlegging og transportplanlegging. Arealbruk og transportsystem skal samordnast slik at tyngda av ny utbygging vert konsentrert til tettstader, at ein større del av ulike reisemål kan nåast til fots eller sykkel, og at mest mogleg av ny utbygging kan konsentrerast til område med god kollektivdekning. Det skal leggast til rette for mest mogleg effektiv, trygg og miljøvennleg transport, slik at transportbehovet kan avgrensast. Klare grenser mellom utbygde område og landbruks-, natur og friluftsområde er viktig. Naturinngrepa bør samlast mest mogleg.

*Kommentar: Retningslinjene legger føringar for reguleringsplanen ved vurdering av utnyttingsgrad/byggehøgder og utforming og omfang av anlegg for transport.*

#### Rikspolitisk retningslinje T-1442 - Miljøverndepartementet, Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegginga.

Retningslinja skal leggast til grunn ved arealplanlegging og handsaming av enkeltsaker etter plan- og bygningslova i kommunane og i råka statlege etatar. Den gjeld både ved planlegging av ny støyande verksemd og for arealbruk rundt eksisterande støyande verksemd.

*Kommentar: Det er ikkje kjent kva aktuelle støykjelder som kan verte i planområdet i driftsfasen, men det vil vere støy i samband med etableringsfasen; uttak av stein med meir. Det vert ikkje lagt til rette for støyømfintleg utbygging inne i planområdet. Det er heller ikkje kjente støyømfintlege bygg som vil verte påverka av støy frå planlagt utbygging, men dette skal undersøkjast nærmare i planarbeidet.*

#### Statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunane

Føremålet med retningslinja er å stimulere til, og bidra til reduksjon i klimagassutslepp, samt auka miljøvennleg energiomlegging. Klimatilpassing og utsleppsreduksjonar skal sjåast i samheng der det er

relevant. Det skal planleggast for løysingar som både reduserer utsleppa, og reduserer risiko og sårbarheit som følgje av klimaendringar.

*Kommentar: Retningslinja legg føringar for reguleringsplanen ved vurdering av type og plassering av bygg og anlegg, og krav til utbygginga når det gjeld energibruk, omsyn i forhold til havnivåstigning stormflo, overvann etc.*

#### **Retningslinje for flaum- og skredfare i arealplanar**

Denne retningslinja skal sikre at flaum- og skredfare vert kartlagt og teke omsyn til ved utarbeiding og revisjon av arealplanar i område som kan være utsett for fare.

*Kommentar: Retningslinja legger føringar for vurdering av plassering av bygg og anlegg og omsyn til stormflo og overvatn.*

#### **Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegginga**

Føremålet med denne retningslinja er å sikre og legge til rette for ei langsiktig arealplanlegging som førebygger og reduserer lokale luftureiningsproblem.

*Kommentar: Det vert lagt til rette for gjennom føresegner til planen å sikre handtering av eventuelle lokale luftureiningsproblem.*

### **3.2 Regionale føringar**

#### **Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (regional planstrategi)**

Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket i landet. Vi skal nytte våre naturgjevne føresetnader og sterke teknologi- og kompetansemiljø til å vidareutvikle eit variert næringsliv med fleire arbeidsplassar og god omstillingsevne. Vi skal bygge vidare på kompetanse, næringsliv og ressursar i regionen for å utvikle nye næringar og industri. Det er viktig for Noreg at Vestland lykkast med auka eksport frå grøn vekst i til dømes marin næring, maritim næring, prosessindustri og fornybar energi. Kompetanse frå olje- og gassindustrien er eit fortrinn for skape ny grøn industri og arbeidsplassar.

#### **Regional plan for klima 2022–2035**

Fylkesutvalet vedtok planprogrammet for ny regional plan for klima i Vestland 24. august 2021. Vinteren og våren 2022 står medverknad i sentrum for å sikre innspel i utforming av klimaplanen.

Regional klimaplan skal gi grunnlag for klimaomstilling av Vestland fylke for å nå målet om nullutsleppssamfunnet, og dette er planen sitt oppdrag. Dette inneber ei brei samfunnsendring der vi både reduserer klimagassutsleppa, samtidig som vi tilpassar oss til dagens og framtida sitt klima, og tek i vare naturmangfaldet. Omstillingsprosessen gjeld heile Vestlandssamfunnet; innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar, kommunar og fylkeskommunen. Planen skal skildre korleis vi skal legge klima og miljø som premis for samfunnsutviklinga, og tydeleggjere kva dette vil bety i praksis. Planen vil vise strategisk retning i klimaarbeidet, og vurdere ulike strategiar og verkemiddel for å vere pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.

#### **Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland**

Høyringsforslag ligg ute hausten 2022. I høyringsforslaget ligg det meste av området som i KPA er nemnd som hamn, som «kombinert formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone».

### 3.3 Kommunale føringar

#### Kommuneplanen sin samfunnsdel 2015-2027

Austrheim kommune sin visjon er:

Eit livskraftig kystsamfunn, kjend for havsport, med pulserande tettstad og aktive bygder.

Hovudmåla er:

- Austrheim skal verte ein meir attraktiv stad å bu, etablere bedrifter og besøkje.
- Austrheim skal utvikle seg til eit berekraftig og dynamisk område, i eller utanfor ei større kommunal eining.
- Austrheim skal utvikla seg vidare som eit livskraftig regionalt knutepunkt nord i Nordhordland.

#### Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2017-2027

Føremålet med denne kommunedelplanen er og å sikra at alle i Austrheim kommune til ei kvar tid har tilgang på nok vatn med god drikkevasskvalitet, og at transport og handsaming av avløpsvatn skjer på ein slik måte at forureiningane ikkje fører til helseskade, går utover naturen, eller skadar naturen sin evne til produksjon og sjølvforying. Det er i denne planen utforma ein prioritert handlingsplan for vidare utbygging av vassforsyningsanlegga og kommunale avløp.

#### Trafikksikringsplan frå 2022

Trafikktryggleiksplanen vil danna grunnlaget for vidareføring av trafikktryggleiksarbeidet i Austrheim kommune. Planen omhandlar både grunnlagsdata, vurdering av innspel, og prioritering av fysiske tiltak. Vidare er og haldningsskapande arbeid vektlagt i planen.

#### KommuneROS frå 2017

Risiko- og sårbarheitsanalysen har hatt som mål å avdekka og førebyggja uønskte hendingar i kommunen vår. Austrheim kommune skil seg ut som ein av dei største risikokommunane i landet. Ein av grunnane er at me frå naturen si side ligg utsett til for ver og vind, ein annan er bl.a. den store risikobaserte aktiviteten knytt til olje- og gasssektoren, både når det gjeld utvinninga i Nordsjøen og prosessanlegga på land.

#### Temaplan for klima og energi for Austrheim kommune 18.03.2021 (under arbeid)

Temaplanen skal vera eit verkty for at Austrheim kommune skal nå internasjonale, nasjonale, regionale og lokale klimamål. Planen omfattar både direkte og indirekte klimagassutslepp, og set mål for kommunen som organisasjon og samfunn, den skal vise retning for klimaarbeidet. Formannskapet er styringsgruppe for dette planarbeidet.

Andre relevante planarbeid:

- Beredskapsplan for Austrheim 2017
- Kartlegging og verdsetting av friluftslivområde 2015-2016
- Landbruksplan for Austrheim 2017
- Plan for Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2019
- VA-norm Austrheim kommune 2017

#### Relevante kommunale planar under utarbeiding pr nov. 2022

- Kommunedelplan for naturmangfald i Austrheim kommune
- Plan for friluftslivets ferdselsårer i Austrheim kommune
- Kommunedelplan for Klima og energi for Austrheim kommune 2022-2032


## 4 Planområdet

### 4.1 Dagens situasjon

Heile planområdet inngår i eit større lågtliggende utmarksområde med kystslynghei. Det er ingen tekniske installasjonar i planområdet. Dette er eit område som i lang tid har vore i bruk til både husdyrbeite og uttak av torv til brensel. Delar av utmarka vert framleis beita i dag og det er planta noko gran og furu. Området vert elles brukt som friluftsområde for turgåarar.

Næringsområdet og hamn berører utmark på gårdsnr. gnr. 161 Øksnes og omfattar bruksnr. 7,8, 71 og 74. Vegtilkomsten er planlagd over gårdsnr. 160 Rebnor bruksnr.1,3, 4 og 11 samt gårdsnr.161 bruksnr. 3, 5, 6 og 10.

NGUs lausmassekart viser at planområdet består av bart fjell, stadvis tynt dekke. Området ligger under marin grense, men det er ikkje marine strandavsetningar i området og tynt lausmassedekke. Økonomisk kartverk viser at det er område med myr i planområdet.



Figur 3: Planområdet vist på ortofoto over området,



Figur 4: Myrinformasjon i digitalt markslag (DMK). Myrer med skravur viser til at myrddjupne er ukjend. (kilden.nibio.no).

## 5 Alternative tiltak og arealbruksløyisingar

### 5.1 Alternative tiltak

Denne planen skal legge til rette for framtidig næring innafor rammene til det grønne skiftet. Det er ikkje avklart kva næringsverksemd som vil kunne etablere seg her. Dette må også planen og konsekvensutgreiinga ta omsyn til. For at planen skal vere robust over tid er det naudsynt med ein meir generell plan som har fokus på arealbruksendringar og der føresegnene kan legge naudsynte rammer for kva verksemdar som kan etablerast. Planen vil presentere ulike konsept for verksemd som kan ha ynskje om å etablere seg her.

Både arealkapasitet og hamnetilhøve til vere avgjerande faktorar for kva verksemd som kan etablere seg her. Men både tilgang på straum og ferskvatn kan vere avgrensande faktorar. Som del av planarbeidet vil det sjåast nærare på dette.

### 5.2 Alternativ arealbruk

I denne planen vert det lagt til grunn maksimal arealutnytting for næring innafor planområdet, men det kan som del av planprosessen vurderast meir arealeffektive løyisingar som i større grad tek omsyn til miljøverdiar for å redusere negative konsekvensar. Med lågare arealutnytting kan ein og vurdere alternativ plassering innafor planområdet

Plassering av tilkomstveg er vurdert i eit forprosjekt og skal etablerast i trasé som vist i planprogram og planavgrensing. Planeringshøgde og utforming/plassering av hamn kan utgjere alternative løysingar. Dette vil kunne gi ulik masseballanse og ulike utfordringar knytt til masseoverskot.

## 6 Utgreiingstema

### 6.1 Generelt

I planer der sjølve tiltaket (type verksemd) ikkje er endeleg avklart/spesifisert, vil det særleg vere konsekvensar av arealbruksendringar som vil vere mogleg å vurdere verknaden av. For tema som støy og forureining kan krav knytt til verksemd kome fram i føresegner i tillegg til at det er lover og forskrifter som sikrar at slike omsyn vert teken i vidare prosessar for godkjenning av tiltak.

I planprogrammet er det sett søkelys på dei problemstillingar og utgreiingstema som er relevante når det gjeld å avgjere om området er eigna for tiltaket, og dei forhold som skal utgreiast nærmare før handsaming av planforslaget. Føremålet er å sikre at omsynet til miljø, naturressursar og samfunn vert vurdert ved utarbeiding av planen/vedtak og på kva vilkår tiltak kan gjennomførast.

Ønska utbygging kan ikkje gjennomførast før det er utarbeidd ein detaljreguleringsplan. I tillegg til eit plankart med tilhøyrande føresegner skal det utarbeidast ei planskildring og konsekvensutgreiing.

### 6.2 Metode

I vurderinga av dei planlagde tiltaka ser ein på konsekvensane både i planområdet og i influensområdet (påverknadsområdet) dersom konsekvens omfattar meir enn berre planområdet. I tillegg vert det omtale av eventuelle avbøtande tiltak og effekt av desse.

Konsekvensar for tema landskapsbilde, naturmangfald, kulturarv, friluftsliv og naturressursar vert konsekvensutgreidd med utgangspunkt i Statens vegvesen handbok V712. Alternativt kunne tilsvarende metode i Miljødirektoratet sin rapport M-1941 vore nytta, men der inngår ikkje tema naturressursar.

I tillegg skal det gjennomførast ei risiko- og sårbarheitsvurdering (ROS) og før å avklare spørsmål om kva økonomiske konsekvensar planen vil ha for Austrheim kommune, vert også tema lokale- og regionale verknader av tiltaket vurdert.

Det er å merke seg at fleire problemstillingar som vil inngå i planskildringa vil vere knytt til kva eigenskapar som er knytt til planområdet og korleis det vil kunne påverke planen.

For tema støy og forureining til luft og sjø/vassdrag vil tema måtte avgrense seg til anleggsfasen og tilrettelegging knytt til planerte flater og hamneutforming.

### 6.1 Referansealternativ

For å kunne seie noko om verknaden av eit tiltak må referansesituasjonen vere avklart. I dette planarbeidet vil det vere «dagens situasjon» sidan konsekvensane ikkje vart avklart i kommuneplanen sin arealdel.

### 6.2 Landskapsbilete

Konsekvensvurderinga skal fastsetje landskapsverdiane og kva verknader tiltaket kan ha på desse verdiane. Planeringshøgder, byggjehøgder og type bygg vil vere avgjerande for vurdering av verknad.

### 6.3 Naturmangfald

Det ligg føre ein god del kunnskap om naturverdiane i planområdet. Planområdet er ein mosaikken av kystlynghei, myr og mindre tjern og det er registrert fleire arter som er sterkt truga. Mellom anna sommarfuglen breibandpraktviklar og fuglearten Svartstrupe. Både naturtype og raudlisteartar er av nasjonal verdi. På grunn av attgroing er det gode skjulestader for hjort og det er mykje hjortetråkk i området.

I samsvar med innspel frå Statsforvaltaren vert det gjennomført kartlegging av naturtypar i heile planområde i samsvar med NiN-metodikk (Naturtypar i Norge), for å få ytterlegare kunnskap om naturtypane i planområdet.

### 6.4 Kulturarv

Ifølgje Riksantikvaren sin kulturminnebase Askeladden ([askeladden.ra.no](http://askeladden.ra.no)) og Kulturminnesøk ([kulturminnesok.no](http://kulturminnesok.no)) er det ikkje registrerte kulturminne i planområdet. Det er registrert torvhus eller ruin etter torvhus innafør planområdet på gnr/bnr 161/8. Det er også steingardar, i hovudsak langs vestre plangrense. Vestland fylkeskommune varslar at dei vil gjennomføre kulturhistorisk synfaring som følgje av potensiale for funn.

### 6.5 Friluftsliv/by- og bygdeliv

Det går ei turløype Øksnes-Årås-Rebnor-Øksnes på 5,7 km som inngår i eit friluftsområde verdisett til svært viktig i 2016. Delar av løypa ligg innafør plangrensene for næringsområdet. Området har generelt liten slitasje, noko som kan indikere at det ikkje er vesentleg høg bruksfrekvens. Sjøareal kring Øksneset inngår også i eit populært område for havpadling og ligg relativ nær DNT-hytta Rongevær.

### 6.6 Naturressursar

Utmarka har i lang tid vore i bruk til både beiting (lynghei) og torvuttak (myrreal), der nokre delar av utmarka framleis vert beita i dag. Gjengroinga har i delar i området kome svært langt og dels på grunn av planting av både furu og gran.

### 6.7 Vassmiljø

Etablering av hamn og eventuelle utslepp til sjø vil vere til Åråsvågen i aust, som inngår i vassførekomsten Børildosen-Åråsvågen. Førekomsten er i vann-nett vurdert til å ha god økologisk tilstand. Delar av næringsområdet drenerer og mot Åråsvågen.

Tilkomstveg og sørlege deler av næringsareal drenerer til Teindalsbekken som renn gjennom planområdet og ut i den grunne smale Austevågen i nord. Bekken inngår i ein større vassførekomst som inkluderer dei fleste bekkane i kommunen; Austrheimvågen bekkefelt, som og har også god økologisk tilstand.

Utsleppsløyver vert handsama som eigne saker, men i ein reguleringsplan kan ein avklare om resipient er særleg sårbar eller ikkje. Det kan og leggest føringar i føresegnene.

### 6.8 Klimagassrekneskap

For ein reguleringsplan der det ikkje er avklart kva tiltak som skal etablerast må klimagassrekneskap primært knytast opp i mot flytting av myrjord og generelt transportbehov knytt til massehandsaming og tilrettelegging for vidare utbygging.

## 6.9 ROS

Området er flatt/småkupert og ikkje registrert i NVE sitt farekart med omsyn til snøskred, jord/steinras eller fareområder for kvikkleire. Det er registrert ei aktsemdsone for flaum på elva som går gjennom Teindalen.

Gjennomgang av data om havnivå viser at området i liten grad er utsett for stormflo. I gjeldande kommuneplan er lågaste kotehøgde for OK golv sett til kotehøgde +3,0. Vi legg til grunn at det er aktuelt også for dette planområdet. Det må undersøkjast om stormflo i kombinasjon med bølger krev ein anna minste kotehøgde.

For å kunne vurdere i kva grad framtidig verksemd på næringsområdet kan påverke omgjevnadene er det naudsynt å ha meir kunnskap om kva tiltak som skal etablerast i området. Det vil her vere mogleg å vurdere ROS opp i mot ulike scenario.

## 6.10 Forureining, støy, støv og lukt

For verknader i driftsfasen for tema som forureining, støy, støv og lukt er det naudsynt med detaljkunnskap om kva type verksemd som skal etablerast for ein kan vurdere verknadene. I den grad planen ikkje tydeleg kjem til å avklare dette, må desse tema avklarast i samband med søknad om utsleppsløyve og byggesak.

For anleggsfasen vil tema verte vurdert, og då særleg med omsyn til utslepp til sjø og vassdrag.

## 6.11 Andre tema som skal vurderast i planskildringa

### 6.11.1 Trafikk og mjuketrafikkantar

Endring i trafikkbiletet og trafikktryggleik er tema som vil vere del av planskildringa og som eventuelt kan verte tema i ROS. Her kan ein skilje mellom anleggsfasen og driftsfasen. Framtidig trafikk kan skildrast med utgangspunkt i ulike scenario for aktivitet i planområdet. Vegtilkomst til planområdet er via fv 568 som er smal med lite trafikk, men der farten er høg og det manglar tilbod til mjuketrafikkantar. Sjølv om planen ikkje inkluderer fv 568 må verknader og avbøtande tiltak vurderast.

### 6.11.2 Infrastruktur

Det må avklarast kva vegstandard som skal leggest til grunn for tilkomstveg og avklare om det skal byggast fortau. Plassering av leidningsnett for straum, vatn og eventuelt avlaup må og avklarast.

### 6.11.3 Overvatn

Det må avklarast korleis overvatn skal handsamast og korleis vatn som renn gjennom planområdet skal handsamast. Overvatn frå harde flater bør i all hovudsak leiast mot Åråsvågen som er ein mykje betre resipient enn Teindalsbekken og det grunne sårbare vassområdet i Austevågane.

### 6.11.4 Berekraftig massehandsaming

Det skal utarbeidast massehandteringsplan i tråd med gjeldande forskrifter og føringar. I den grad det er mogleg skal det søkast om å få masseballanse i prosjektet.

## 6.12 Oppsummert utgreiingsprogram

I tabellen nedanfor er det sett opp meir konkret kva som er utgreiingsbehov i dette planarbeidet og kva grunnlagsmateriale som skal nyttast i vurderinga. Lista er ikkje uttømmende.



Tabell 1 Ikkje-prissette tema i samsvar med metode i handbok V712

Fagtema	Utgreiingsbehov	Grunnlag
Landskapsbilete	Det skal gjerast ei verdivurdering av planområdet. Ei verknadsvurdering som inkluderer fjernverknad er avhengig av at det er lagt til grunn nokre overordna bygningsstrukturar, planeringshøgder og byggehøgder.	Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke. Fylkesmannen i Hordaland, Aurland naturverkstad.
Kulturarv	Det er ikkje registrert freda kulturminne i planområdet, men det er ut i frå kart vist eit torvhus dessutan steingard langs plangrensa i vest.  Potensial for funn skal vurderast. Det skal tingast Området vil verte undersøkt av fylkeskommunen.	Databasen askeladden.no Resultat frå kulturfagleg synfaring utført av Vestland fylkeskommune.
Naturmangfald	Delar av planområdet er registrert som viktig kystlynghei etter metode i DN-13, men på bakgrunn av overordna vurdering av naturverdiane gjennomført i 2022, er heile planområdet å rekne som landskapstypen kystlynghei. Det skal gjennomførast kartlegging av naturtypar etter ny metodikk Naturtypar i Norge\ (NiN) og. Det skal gjerast kartlegging av raudlisteartar og særleg eit utvida søk for å avklare leveområde for arten breibandviklar som er ein sterkt truga sommarfugl. Sommaren 2022 skal og svartstrupe som og er sterkt truga, vere registrert hekkande i området.  Det er forventa inngrep i strandsone og sjø og difor vert det behov for kartlegging av naturverdiar i sjø.  Det skal avklarast kva strekning av Teinedalsbekken som er sjøaure-førande (anadrom). Eventuelle gyte- og oppvekstområde for anadrom innafor og oppstraums planområdet skal kartleggast.  Tiltaket skal vurderast opp i mot §8-12 i naturmangfaldslova.	Naturbase.no Artsdatabanken.no Naturtyper i Austrheim Viltet i Austrheim  Notat vedr naturmangfald Øksnesmarka 2022.
Friluftsliv	Registrere turveggar i og i tilknytning til planområdet. Vurdere påverknad på friluftsliv på land og i sjø.	Kartlegge, beskrive og vurdere friluftssinteresser i området. Drøfte verknaden planlagde tiltak vil ha på ev friluftssinteresser i området.
Naturressursar	Avklare i kva grad det er mogleg å drive skjøtsel av kystlynghei (beite/lyngbrenning) i nærleiken av næringsområdet og om det er ei relevant problemstilling.	Kilden.nibio.no Fiskeridirektoratet.no

	Åråsvågen-Børilden er lokalt viktig gyteområde for torsk. Området inngår også i større gyte- og oppvekstområde for fleire artar. Det skal vurderast eventuelle konsekvensar for fiskeriressursar i anleggsfasen og driftsfasen.	
--	---	--

Tabell 2 Andre fagtema der verknader av planen skal vurderast.

Tema	Utgreiingsbehov	Grunnlag
Vassmiljø	Registrere vasskvalitet for tiltak og utarbeide eit miljøoppfølgingsprogram for bekken.  Vurdere tiltaket etter vassressurslova og vassforskrifta.	Vann-nett.no Vassressursloven Vassforskrifta
Klima	Klimagassrekneskap avgrensa til arealbruksendringa og tilrettelegging for næring.  Kartlegge myrjord og myr djupne som innspel til klimagassrekneskap.	Gjeldande metode for klimagassrekneskap.
ROS	Det skal avklarast kva risiko og sårbarheit som er knytt til område og alternative verksemder.	Regelverk knytt til ROS
Lokal og regional utvikling	Det skal avklarast i kva grad næringsaktivitet i planområdet vil kunne påverke samfunnet lokalt og eventuelt regionalt. Inkludert kva økonomiske verknader det kan ha for kommunen.	Tema og grunnlag er avhengig av korleis planen vert konkretisert.
Støy, støv og lukt	I anleggsfasen kan støv og støy vere eit problem i og ved tettbygde stork. Men her ligg området langt frå folk. Det må vurderast om det er behov for/relevant å utarbeide støykart for anleggsfasen.  Det kan vurderast om det skal utarbeidast støykart for mogleg aktivitet, eventuelt vurdere særlege krav i føresegnene.	Regelverk knytt til støy for ulike verksemder.
Forureining til luft og vatn	Det må gjerast ei overordna vurdering av kva type forureining som kan vere relevant og vurdere tilhøyrande føresegner.	Forureiningslova mm.

## **7 Vedlegg**

- 7.1 Notat: Naturmangfold og kunnskapsgrunnlag, Øksnesmarka (Norconsult AS, 2021)**
- 7.2 Saksdokument Handsaming i Formannskapet i Austrheim, 12.05.2022, saksnr. 046/22.**
- 7.3 Studie – sirkulær og berekraftig næringsutvikling, Øksnesmarka (Norconsult AS, 2022)**
- 7.4 Samandrag av innspel til høyring av planprogrammet Øksnesmarka**
- 7.5 kopi av innspel til høyring av planprogrammet for Øksnesmarka**